

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato 09.08.2023
Vår referanse 2023/55481-5
Dykkar referanse
Sakshandsamar Mathias Vallestad
E-post Mathias.Vallestad@vlfk.no
Telefon

Uttale med vedtak - dispensasjon kommuneplan - gnr. 57 bnr. 6 - Lygren Ytre - fv 5476 - Alver kommune

Vi viser til oversending med høyring av søknad om dispensasjon motteke 14.07.2023

Saka gjeld

Det er søkt om dispensasjon frå arealføremålet «LNF» og byggjegrense mot fylkesveg 5476 for gnr. 57 bnr. 6 i Alver kommune.

Uttale

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg har tidlegare motteke ein søknad om dispensasjon frå byggjegrensa på 15 meter på gnr. 57 bnr. 6 i Alver kommune, datert 30.03.2023. Vi fattar vedtak i dette brevet. Vi har ingen merknad til dispensasjon frå LNF.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggjegrensa mot fylkesveg 5476 for å oppføre garasje på gnr. 57 bnr. 6 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 03.03.2023.
2. Avstanden frå tiltaket (inkludert takutspring) til senterlina på fylkesveg 5476, Lurevegen skal vera minst 10,5 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5476.
7. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggjeregnsa er fastsett i føresetnad av at den skal ivareta allmenne- og samfunnsinteresser. Dette er med omsyn til trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen vår.

«Rammeplan 2021-2024: Haldningsklassar for avkøyrslar og dispensasjonar frå byggegrenser» leggjar føringar for dispensasjon frå byggegrense. Vegen har per 19.06.2023 haldningsklasse «Lite streng», og sett disse vilkåra:

- Tiltak bør ikkje etablerast nærare enn 15 meter.
- Det vert i utgangspunktet ikkje gjeve dispensasjon for oppføring av bustader og fritidsbustader innanfor 15 meter.

Haldningsklassen for vegen er «lite streng» med ei fartsgrense på 50 km/t og 50 årstdøgntrafikk (ÅDT). Vi vurderer tiltaket til å ikkje vere i strid med føremålet med byggegrensa mot fylkesveg. Det leggast særleg vekt på låg ÅDT, og at tiltaket er i nær veg-ende. Dersom vegen vert utbetra, vil det tiltaket sannsynlegvis ikkje vere til hinder for utbetringa. Det ligg uansett eit vilkår for løyve i pkt. 6 om at det tiltakshavar ikkje kan krevje erstatning for skader/ulempar som følgje av at bygninga/innrettinga ligg nær fylkesveg 5476. Støy er heller ikkje eit faremoment som følgje av låg trafikk/gjennomkøyring på vegstrekninga.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen
Fagkoordinator
INV - Forvaltning Bergensområdet

Mathias Vallestad
Spesialkonsulent
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Søknad om dispensasjon frå byggegrense - fv. 5476 - garasje - gnr. 57 bnr. 4 - Alver kommune**